



Statsråden

Stortinget  
Kommunal- og forvaltningskomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
23/3520-

Dato  
9. november 2023

## **Vurdering av representantforslag - Dokument 8:22 S (2023-2024) frå stortingsrepresentanten Erlend Wiborg - om lovheimel til å hindre etablering og drift av verksemd som hindrar integrering**

Eg viser til brev frå Kommunal- og forvaltningskomiteen til Arbeids- og inkluderingsdepartementet ved statsråd Tonje Brenna om ei vurdering av Dokument 8:22 S (2023–2024) med representantforslag frå stortingsrepresentant Erlend Wiborg.

Representantforslaget lyder:

«Stortinget ber regjeringen fremme de nødvendige lovendringsforslag for å sikre at kommunene gis en klar lovhjemmel til å stanse virksomheter og fritidsaktiviteter rettet mot barn og unge som anses å ha en klart integreringshemmende effekt.»

Barne- og familiedepartementet har ansvaret for oppfølginga av oppmodingsvedtak 954 (2020–2021) som det visast til i representantforslaget. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har derfor sendt Dokument 8:22 S (2023-2024) til Barne- og familiedepartementet for at eg skal svare kommunal- og forvaltningskomiteen.

Representantforslaget er til dels overlappende med oppmodingsvedtak 954 (2020-2021), som Barne- og familiedepartementet greier ut i samarbeid med fleire departement. I Prop. 1 S (2023-2024) er vedtak 954 omtala slik:

*Fritidsaktivitetar for barn og unge som kan bidra til radikalisering*

Vedtak nr. 954, 20. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag som gir kommunene bedre virkemidler til å hindre fritidsaktiviteter for barn og unge som kan bidra til radikalisering

eller være i strid med barns rettigheter eller likestillings- og diskrimineringsloven, herunder:

- en forpliktende samfunnskontrakt for integrering i samarbeid med tros- og livssynssamfunnenes organisasjoner
- mulighet til å kartlegge og føre tilsyn med fritidsaktiviteter for barn og unge som omfatter religiøs undervisning.»

Vedtaket blei gjort i samband med handsaminga av eit representantforslag om å gje kommunen ein klar lovheimel til å hindre organisasjonar og trussamfunn i å drive klart integreringshemjande aktivitet, jf. Dok. 8:135 S (2020–2021) og Innst. 406 S (2020–2021).

Departementet ser oppfølginga av dette vedtaket i samanheng med oppfølginga av vedtak 498 av 14. april 2020, om eit forbod mot faste etter-skule-tilbod for barn med overnatting. Det er påbyrja eit samarbeid med fleire departement for å greie ut moglege verkemiddel og tiltak. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om oppfølginga av vedtaka på eigna vis.

Om kommunane skal ha «mulighet til å kartlegge og føre tilsyn med fritidsaktiviteter for barn og unge som omfatter religiøs undervisning», vil det vere naudsynt med ein lovheimel for korleis og på kva for eit grunnlag det skal førast tilsyn. Eg meiner derfor at representantforslaget i Dok. 8:22 S (2023-24) for ein stor del er omfatta av oppmodingsvedtak 954.

Med helsing



Kjersti Toppe

*Dokumentet er elektronisk godkjent*